

Årsplan for Strandebarm barnehage del 2

godkjend av Su 07.11.23



storbarnsbase	Kråkenos	Grånut
2023-2024	2,5-5 år	2,5-6 år
Tlf nummer	48251653	90518223
Pedagogisk leiar	Marte Ølfarnes	Åse Sandnes Fosse
småbarnsbase	Småholmane	Klepp
2023-2024	1-3 år	1-3 år
Tlf nummer	94867141	90563674
Pedagogisk leiar	Anne Kristin Aasen Gjerstad /Aud Charlotte Økland	Monica Rinde Oma

- Kontakt oss:
- Tangeråshagen 12 5630 Strandebarne
- Styrar Marit Linga
- Tlf: 94178356
- Epost: [mlin@kvam.kommune.no](mailto:milin@kvam.kommune.no)

PRAKTISK INFORMASJON

Opningstid: kl. 07.00-16.15

Maks tid: borna skal opphalda seg max 9 t i barnehage pr. dag.

MyKid

Barnehagen brukar kommunikasjonsløysinga MyKid

Her finn du nyheitsbrev frå barnehagen, informasjon frå avdelinga, dagen i dag, invitasjon til foreldremøte/foreldresamtale, løyveskjema, årsplan for barnehagen, mm. Oppmodar føresette om å ha på push varsling.

På heimesida: **Kvam.no/barnehage** finn de m.a. informasjon om:

- søkje plass i barnehagen (digital søknad)
- vedtekter for barnehagane i Kvam herad
- barnehageruta (når er barnehagen stengt, ferie)
- informasjon om foreldrebetaling, søknadsskjema for å søkja moderasjon ved låg inntekt.

Kjernetida i barnehagen er 09.30-1430

Dersom barnet ditt er sjuk, har fri eller ikkje kjem i barnehagen ber me dykk om å melda frå til barnehagen innan kl 8.30 om morgonen, enten på sms til avdelinga eller registrer på MyKid.

Veit du at barnet skal vera vekke frå barnehagen fleire dagar på rad, meld frå – det forenkler barnehagen si organisering, og me slepp å venta på noko som ikkje kjem. Gje også ein lyd til barnehagen om barnet kjem seinare enn vanleg til barnehagen.

Viktige datoar:

Sjå barnehage/skuleruta på kvam.no/barnehage: når er barnehagen stengd.

Sommarferie: barnehagen er stengd i 3 veker: 28-29-30

Foreldrebetaling:

-det er forskuddsbetaling

-Matpengar kjem i tillegg; pr nov 23 er kostpris 385,- pr måned.

-ved sein henting: dersom barnet ikkje er teken med ut av barnehagen kl 16.15, medfører gebyr på kr 250,- (kjem på barnehagefaktura)

-Ved låg inntekt er det høve til å søkje redusert betaling.

Informasjon og søknadsskjema finn de på Kvam.no /barnehage eller ta **kontakt med styrar.**

Oss vaksne i barnehagen

Mål:

-barnets beste i fokus

- møte alle barn på ein open, varm, sensitiv og interessert måte
- vise omsorg for kvart enkelt barn
- støtte og oppmuntre borna til å vise omsorg for andre
- vera lydhøyre for kva borna uttrykkjer
- bidra til at barn kan utvikle tillit til seg sjølve og andre
- positiv grensesetting: me stoppar uønskt åtferd og veileidar borna på ein positiv måte

Lp er eit verktøy for tilsette– hjelp til å reflektera og arbeida systematisk med utfordringar me har i barnehagen.
Lp står for: læringsmiljø og pedagogisk analyse.



Oss vaksne i barnehagen (jmf. rammeplan for barnehagen)

Personalet skal:

- ha barnets beste i fokus
- me møte alle med omsorg, respekt og likeverd
- det er vårt ansvar at me har gode relasjonar til barn og foreldra



Me hugse på:

- smila og vise glede overfor borna og er merksam for deira initiativ til kontakt
- invitera borna til samtale og lytta til det dei har å seie
- gje positive tilbakemeldingar når dei gjer gode ting for andre
- når borna kjem om morgonen er det fyrste møte alltid svært viktig, praktisk arbeid må vente til me er fleire vaksne på jobb.
- Omsorg må vera ein basis i alt me gjer.
- vera tett på borna, vera der dei er
- sitte på golvet saman med borna
- ha lave stemmer
- vera gode rollemodellar: alltid tenkja over korleis eg som vaksen er, og tenkje over korleis borna oppfattar meg
- sjå det frå borna sitt perspektiv
- støtte borna i her og no situasjonar
- ta dei på alvor, vera lydhøyre for kva dei uttrykkjer både med ord og kroppen sin
- me brukar positiv grensesetting, me stoppar uønska åtferd og veileidar borna på ein god måte, eks. no gløymde du deg
- me er aldri sinte, me ropar ikkje til borna og me kjeftar aldri
- me brukar ikkje ordet sint, sei heller: no må eg bli litt streng i stemma mi
- Dersom me gløymer oss, er det lov å minne kvarandre om det!

SAMARBEID BARNEHAGE-HEIM

Samarbeid med heimen

”Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta borna sine behov for omsorg og leik, fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.”

(*barnehagelova § 1*) For å sikra samarbeidet med heimen, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd (alle foreldra) og eit samarbeidsutval (SU).

SU skal vera eit rådgjevande og kontaktskapande organ. Alle føresette kan ta kontakt med sine representantar om det er noko de vil ta opp i forhold til barnehagen. Det er Su som godkjenner årsplanen til barnehagen.

Måtar me samarbeider på:

- Dagleg kontakt ved bringe- og hentesituasjon
- Oppstartsamalar med nye born/foreldre
- Foreldresamtale
- Foreldermøte i sept+ temamøte for foreldre i jan/feb
- MyKid kommunikasjonsløyning
- Barnehagen sitt samarbeidsorgan: SU
- Periodebrev
- Dugnad
- Felles sommarfest/ avslutningsfest for skulekameratane ute i hagen: tors 06.06.24 kl.15
- Brukarundersøking ved udir.no 2.kvart år I nov

Samarbeidsutvalet

Strandebarm barnehage 2023-2024:

Renate Bakkely (foreldrerepresentant storbarnsbase)

Torkel Tufta (foreldrerepresentant småbarnsbase)

Kari Helen Augestad (representant for tilsette)

Simen Lillefosse (representant for tilsette)

X (politisk representant)

Marit Linga styrar

Trygt og godt barnehagemiljø for
ALLE barn

NULLMOBBING

DU HAR RETT TIL Å HA DET BRA

.NO

Alle som jobber i barnehagen skal melde fra til styrer, hvis dei får ein mistanke om eit barn ikkje har det trygt og godt.

Barnehagen har eit ansvar for å fylgja med på korleis borna har det. Alle ansatte har ei plikt til å gripe inn, hvis eit barn ikkje har det bra. Barnehagen må då undersøke, og setja inn tiltak og det skal lagast ein skriftleg plan.

Tilsette har ei skjerpet aktivitetsplikt når noen som arbeider i barnehagen mistenkes for å krenke et barn.



Plan for førebyggjande arbeid mot mobbing i barnehagen



Plan for førebyggjande arbeid mot mobbing i barnehagen

- Hovudmål:
- Barnehagane i Kvam skal ha nulltoleranse mot mobbing.
 - Barna skal oppleva tryggleik, respekt, glede og meistring i barnehagen.
 - Barna skal føla seg inkludert, sett, høyrte og verdsett i barnehagen.
 - Barna skal oppleva at dei har leikekameratar i barnehagen.
 - Barna skal oppleva at dei får hjelp og støtte av vaksne når dei treng det.

01

**Er du bekymra
for ditt barn?**

02

**Ha låg terskel for
å ta kontakt med
ped.leiar på di
avdeling**

03

**og be om tid til
samtale!**

SOSIAL KOMPETANSE


Empati og rolletaking – innleving i andre menneske sine følelsar og forståing for andre sine perspektiv og tankar.

Prososial åferd – positive sosiale haldningar og handlingar som å hjelpa, oppmuntra, dela med andre, anerkjenna, inkludera, visa omsorg for osv.

Sjølvkontroll – å kunna utsetja eigne behov og ynskje i situasjonar som krev kompromiss og felles avgjerd. Å kunna innordna seg, takla konfliktar og å venta på tur.

Sjølvhending – korleis ein kan hevda seg sjølv og eigne meiningar på ein god måte. Å tora stå imot gruppepress og ta initiativ til, eller bli med i, leik og samtalar som allereie er i gong.

Leik, glede og humor – å kunne skilja leik frå anna aktivitet og tolke leikesignal. Å la seg riva med og føla glede, slappa av, spøka og ha det moro.



Leik og leikelyst

Leik styrkjer borna si livsglede, robusthet og livsmeistring. Alle treng ein ven, ein leikekamerat, nokon som vert glad når du kjem i barnehagen. Barnehagen arbeider med tema og prosjekt for å skapa felles leiketema for borna – då har alle felles ramma når dei skal leika ilag.

Kvifor leikegrupper på avdelinga:

- alle skal bli inkludert i leiken
- få tid og rom til å leika med nokon få
- leiken blir rolegare og meir konsentrert når ein ikkje treng å forhalda seg til alle på ein gong.

Oss vaksne i leik

«Personalet skal bidra til at borna får felles erfaring som grunnlag for leik og leggja til rette for utvikling av leiketema» Rammeplanen

- Organisera rom, tid og leikemateriale for å inspirera til ulike typar leik. Me ynskjer gode leikemiljø som inviterer til leik, me hentar idear frå fantasifantasten.no
 - . **«Her vil eg vera, her vil eg leika!»**
 - . Tilretteleggja leikemiljø slik at borna får «snubla i læringsmuligheter»
- Nokon gonger må den vaksne delta i leiken for å hjelpa borna til å utvikla leiken sin.
- Andre gonger er den vaksne på sida av leiken og hjelper dersom det er nødvendig (konfliktløsning, kommunikasjon, roller, inkludering, matrialforvaltar)




*Jeg skulle ønske dagens barn
Lekte mer enn de gjør
For den som leker som liten
Får en rikdom inni seg
Som man kan øse av hele livet
Man bygger opp en varm, hyggelig
verden inni seg
En verden som gir styrke om livet blir
vanskelig
Et sted man kan ty til i motgang og
sorg.*

Astrid Lindgren



PLANLEGGING, GJENNOMFØRING OG VURDERING





OVERGANGAR

Når barnet byrjar i barnehagen:

Barnehagen skal i samarbeid med foreldre leggje til rette for at barnet skal få ein trygg og god start i barnehagen.

-før oppstart vert det sendt heim informasjon om barnehagen m.a. forslag til plan for tilvenning dei fyrste dagane i barnehagen

-tida det tek å bli trygg er individuell og dette tilpassar me til kvart enkelt barn sine behov.

-alle barn får ein primærkontakt ved oppstart

-startsamtale med føresette

Byte avdeling i barnehagen

Når barna byter avdeling er det viktig at dei får bli kjent med barn og vaksne på avdelinga før overflyttinga. Mai/juni besøker me ny avdeling. **Viktig at foreldre har litt ekstra tid til innkjøring på ny avdeling.**

Overgang barnehage – skule

Barnehagen og skulen ynskjer å bidra til ein god overgang for dei borna som skal starta i 1.klasse.

Barnehagen nyttar bassenget på skulen med dei eldste borna (vasstilvenning) og me går på tur i området ved skulen/idrettsparken.

I mai/juni er det «vårskule» ein dag på skulen, då er det tilsette med frå barnehagen. Det er skulen som i samarbeid med barnehagen har ansvar for opplegget desse dagane. Borna får møte 1.klasse lærar, blir litt kjend på skulen.

Pedagogisk leiar og styrar vil og ha ein dialog med rektor og lærar i forhold til å leggja til rette skulestarten for kvar enkelt, dette gjeld særleg dersom det er ekstra forhold å ta omsyn til.

Alle føresette til komande skuleborn vert bede om å gje løyve/ikkje løyve til at barnehagen kan utveksla informasjon om deira born til skulen.

Born som startar på skulen har mykje kunnskap, kompetanse og erfaring med seg i livsbagasjen sin– dette kan det vera lurt at skulen veit noko om!

Felles plan for
småbarnsbase:
Småholmane og Klepp

Heile året

Årstider

Haust, vinter,
vår & sommar

Mål:
Får oppleve og utforske naturen og mangfaldet i naturen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.52).

Rutine-situasjonar

Levering/henting
Måltid
Stell
Kvile
Garderobe

Mål:
Gjennom dialog og samspill skal barna støttes i å kommunisere, medvirke, lytte, forstå, og skape mening (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.23).

Barnehageloven §3

I alle handlinger og avgjørelser som gjelder born i barnehagen, skal kva som er best for barnet, være eit grunnleggjande hensyn!

Leikemiljø

Me arbeider med leikemiljø heile året, her vil me endre og flytta rundt på avdelingen etter tema me har.

Samling

Song
Konkreter
Høytlesing
Språkstimulering

Mål:
Glede og felles opplevingar saman. Oppleve spening og glede med høytlesing, forteljing, song og samling (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 48).

Bursdagar

Borna vil få si eiga bursdagskrune.
Det vil bli sunget bursdagssong i lag med dei andre på avdelinga.

Mål:
•Møte alle born på ein open, varm og interessert måte og vise omsorg for kvart enkelt barn (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.20).
•Alle skal ha like sjansar til å bli sett, høyrde og oppmuntra til å delta i fellesskap i alle aktivitetar i barnehagen.

Snakkepakken

Plakat
Samling
Begreper

Mål:
•På småbarnsbasen skal me ha fokus på bornas språkutvikling i alle kvardagsaktivitetar.

August & September

Tilvenning

Nye born skal bli trygge og kjente på avdelingane.

Mål:

Barnehagen skal tilpasse rutiner og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere rutiner og knytte seg til personalet og andre barn.
(Drugli et al., 2020, s. 15)

September - songsamling

Når borna er blitt trygge, kan avdelingane byrja med nokre songsamlingar.

Mål:

Barn leker med språk, symboler og tekst som stimulere til språklig nysgjerrighet, bevissthet og utvikling. Barn lærer språk best gjennom å være språklig aktive (udir.no - språk i barnehagen - mye mer enn bare prat).

Oktober & November

Anna-Clara Tidholm

Klepp "Ut og gå"

Småholmane "Banke på"

Mål:

Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 23).

Brannvern

Kvar haust er det brannvernveka - vekene fram til brannvernveka vil avdelingane henge opp litt bileter (røykvarsel, brannslukningsapparat, m.m.)

Mål:

Få god kjennskap til korleis me skal gå fram om det skulle oppstå brann og få kjennskap til prosessen over kva som skjer underveis. Fyrstehandserfaring med brannalarm

Overordna mål:

Brukar språk til å skape relasjonar og delta i leik, og som reiskap til å løyse konflikhtar (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 48).

Oppleve spenning og glede ved høgtlesing, forteljing, song og samtale (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.48).

Desember

Songar

Det blir samling på adventsrommet til avdelingane, enkle julesongar, gjerne trekning av kalender, og sansing.

På låven sitter nissen.
Eit barn er født i Betlehem.
Lucia.
Vi tenner våre lykter.
Eg gjekk meg over sjø og land.

Advent

Fargen raud ville være tydelig på avdelingane.
Baking.
Enkel forming.

Nissefest 21.12.2023
Born kan ha på seg nisse klær og nisselue

Mål:
Gi borna kjennskap til og markere merkedager, høgtider og tradisjonar i den kristne kulturarven og andre religionar og livssyn som er representerte i barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.55)

Overordna mål

Gi barna kjennskap til og markere merkedagar, høgtider og tradisjonar i den kristne kulturarven og andre religionar og livssyn som er representerte i barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 55).

Ha ei roleg og god adventstid.
Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.22).

Januar & Februar

Eventyr - Småholmane

Gullhår

Eventyrfest
Tysdag 20.02.2024

Mål:
Opplever spenning og glede
ved høgtlesing, forteljing,
song og samtale
(Kunnskapsdepartementet,
2017, s.48).

Eventyr - Klepp

Bukkane Bruse

Eventyrfest
Tysdag 20.02.2024

Mål:
Opplever spenning og glede
ved høgtlesing, forteljing,
song og samtale

Samefolkets dag

Tysdag 06.02.2024

Dette er ein god anledning til
å la alle barn i barnehagen
møte i samisk kultur.

Mål:
Barnehagen skal synleggjøre
samisk kultur
(Kunnskapsdepartementet,
2017, s.9)

Overordna mål

Møter eit mangfald av
eventyr, forteljingar, segner
og uttrykksformer.
(Kunnskapsdepartementet,
2017, s. 48)

Barna skal få
naturopplevingar og bli
kjende med mangfaldet i
naturen, og barnehagen skal
bidra til at barna opplever
tilhørsle til naturen
(Kunnskapsdepartementet,
2017, s. 11)

Mars & April

Påske

Påkesamling

Primærfarge: Gul

Mål:

Leiker, improviserer og eksperimenterer med rim, rytma, lydar og ord.

Eric Carle

Larven aldrimett

Mål:

Alle får høgtlesing/forteljing frå boka.

Glede og felles opplevingar saman

Overordna mål

Inspirera med former, fargar og tradisjonar

Vidareutviklar omgrepsforståinga og brukar eit variert ordforråd

Mai, Juni & Juli

Vår og sommar

17. mai

Høyre på 17. mai songar.

Male med rødt, hvitt og blått.

Sjå på plakaten frå 17. mai.

Vårteikn:

- Blomstar
- Gresset blir grønt
- Insekter
- Sol og varme
- Mindre klær på ute
- Fugler og fuglesong
- Lysere ute

Bø og Bæ til sjøs

Vatnleik - inne og ute

Mål:

Glede og felles opplevingar saman

Småkryp

Leita under steiner, matter, dekk og i skogen.

Edderkopp, meitemark, snegler, skruketroll, tusenbein, m.m.

Mål:

Få oppleve og utforska naturen og mangfaldet i naturen

Overordna mål

Uttrykkjer kjenslar, tankar, meiningar og erfaringar på ulike måter (kunnskapsdepartementet, 2017, s.48).

Får kunnskap om dyr og dyreliv (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.52).

Årshjul

Heile året

- Årstider
- Rutinesituasjoner
- Leikemiljø
- Samling
- Bursdagar
- Snakkepakken

August & September

- Tilvenning
- Songsamlingar

Oktober & November

- Anna-Clara Tidholm bøker
- Klepp - Ut og gå
- Småholmane - Banke på
 - Mål:
- Brannvern
 - Mål:Få god kjennskap til korleis me skal gå fram om det skulle oppstå brann og få kjennskap til prosessen over kva som skjer underveis
- Fyrstehandserfaring med barnnalarmen
- Overordna mål:
 - Brukar språk til å skape relasjonar og delta i leik, og som reiskap til å løyse konflikter (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.48).
 - Oppleve spenning og glede ved høgtlesing, fortlejing, song og samtale (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.48).

Desember

- Julesongar
- Nissefest 21.12.2023 (Torsdag) -> Borna kan ha på seg nisse klær og nisselue.
- Månadens mål:
 - Gi borna kjennskap til og markere merkedager, hogtider og tradisjonar i den kristne kulturarven og andre religionar og livssyn som er representerte i barnehagen. (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.55).
 - Ha ei roleg og god adventstid.
 - Borna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.22).

Årshjul

Januar & Februar

- Eventyr
- Småholmane - Gullhår
- Klepp - Bukkane bruse
- Eventyrfest Tysdag 20.02.2024
 - Mål: Opplever spenning og glede ved høgtlesing, forteljning, song og samtale (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.48).
- Samefolketsdag g- tysdag 06.02.2024
 - Mål: Barnehagen skal synleggjøre samisk kultur (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.9).
- Månadens mål:
 - Møte med eit mangfald av eventyr, forteljingar, segner og uttrykksformer (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.48).
 - Barna skal få natureopplevingar og bli kjende med mangfaldet i naturen, og barnehagen skal bidra til at barna opplever tilhøyrse til naturen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.11).

Mars & April

- Påske
- Mål: Gi barna kjennskap til og markere merkedagar, høgtider og tradisjonar i den kristne kulturarven og andre religioner og livssyn representert i barnehagen.
 - Mål: Leiker, improvisere og eksperimentere med rim, rytme, lyd og ord.
- Eric Carle - Larven aldrimett.
 - Mål: Alle får høgtlesing/forteljning frå boka
 - Glede og felles opplevingar saman.
- Månadens mål
 - Inspirera med former, fargar og tradisjona
 - Vidarautviklar omgrepsforståinga og brukar eit variert ordforråd.

Mai, Juni & Juli


- Vår og sommar
 - 17. mai
 - Vårteikn
 - Bø og bæ til sjøs
- Mål: Glede og felles opplevingar saman.
- Småkryp
 - Mål: Få oppleve og utforska naturen og mangfaldet i naturen.
- Månadens mål:
 - Uttrykkjer kjenslar, tankar, meiningar og erfaingar på ulike måter (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.48).
 - Får kunnskap om dyr og dyreliv (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.52).





Plan for storbarnsbase:

Barn født 2019+2020



<h2 style="text-align: center;">August og september</h2>	Mål: <ul style="list-style-type: none"> - Alle nye barn skal få ein trygg og god overgang - Bli kjend med dei vaksne og dei andre barna på avdelinga - Godt samarbeid mellom heimen og barnehagen 	
Arbeidsmetode	Personalet skal	Tema/Leikemiljø
<ul style="list-style-type: none"> - Trygghetssirkelen - Relasjonsbygging - Foreldresamtale for alle nye på avdelinga - Foreldremøte - Gruppedeling med fast vaksen 	<ul style="list-style-type: none"> - Ha barnets beste i fokus - Vera tett på borna - Vera gode rollemodellar - Ta godt imot barnet i levering ved å vise interesse og engasjement rundt barnet 	Tilvenning <ul style="list-style-type: none"> - Bli kjent med avdelinga og rutinar - Bli trygg på dei vaksne 
Snakkepakken: Den bitte lille kona 	<ul style="list-style-type: none"> - Bruke naturen som arena for leik, utforsking, undring og læring - Gje barna tid og høve til å stilla spørsmål og reflektere over det dei opplev i naturen 	Haust (september, oktober, november) <ul style="list-style-type: none"> - Kva skjer egentleg ute når hausten kjem? - Me går på oppdagelsesferd i nærområdet - Kva frukt og grønt kjem om hausten? - Smak og fargar - Lage fuglemat og henge utanfor vinduet - Haustfest 20. oktober 

<h2 style="text-align: center;">Oktober og november</h2>	Mål: <ul style="list-style-type: none"> - Alle skal ha nokon å leike med - Snakka om, kjenna igjen og setja namn på følelsar - Barna får erfaring med kva som skjer i naturen om hausten 	
Arbeidsmetode	Personalet skal	Tema/Leikemiljø
<ul style="list-style-type: none"> - Vennereglar - Relasjonskartlegging - Vurdere gruppene og justere etter vennskap og trivsel - Besøke Strandebarm Omsorg, synge og levere kunst som kan hengast opp - Få besøk av kulturskulen 	<ul style="list-style-type: none"> - Støtta språkleg og sosial kompetanse - Ha lave stemmer - Vera støttande i her-og-no situasjonar 	Vennskap og følelsar <ul style="list-style-type: none"> - Felles leikeoppleving, fokus på å styrke relasjonar mellom dei som kjenner kvarandre minst - Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler - Lese temabøker om følelsar – Kanin og Piggsvin
Snakkepakken: <ul style="list-style-type: none"> - Løven og musa - Det snille grantreet 	<ul style="list-style-type: none"> - Legge til rette for utvikling av vennskap og fellesskap - Legge til rette for varierte leikemiljø inne og ute 	Vatn og brann <ul style="list-style-type: none"> - Lære om brannvern og våre rutinar - Danse og synge med brannbamsen Bjørnis - Leike og utforske med vatn – spyle med brannslangen, eksperiment frå forskerfabrikken 

<h2 style="text-align: center;">Desember</h2>	Mål: <ul style="list-style-type: none"> - Glede seg og glede andre - Finne ro i ei travel tid - Få byrjande kjennskap til den kristne julehøgtida 	  
Arbeidsmetode	Personalet skal	Tema/Leikemiljø
<ul style="list-style-type: none"> - Sjekkliste – miljøet i barnehagen - Lysnisprosjekt - Me held på rutinar og gruppedeling <p>Snakkepakken:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Nissen som ikkje åt graut 	<ul style="list-style-type: none"> - Ha advent- og sansesamlingar - Lese julebøker i mindre grupper - Legge til rette for at barna får uttrykke seg estetisk ved bruk av ulike materialar - Gje barna ro, kvile og avslapping i løpet av barnehagedagen 	<p>Advent og Jul</p> <ul style="list-style-type: none"> - Juleverkstad – alle skal få lage noko og pakke inn ei gåve - Julebakst - Julesongar og julemusikk - Markere Lucia-dagen - Nissefest 21. desember – me kler oss ut som nissar!

<h2 style="text-align: center;">Januar og februar</h2>	Mål: <ul style="list-style-type: none"> - Få uttrykke seg gjennom ulike roller i leik og eventyr - Få erfaring med vatn i forskjellige formar - Få byrjande kjennskap til den samiske kulturen 	  
Arbeidsmetode	Personalet skal	Tema/Leikemiljø
<ul style="list-style-type: none"> - Barnesamtalar - busstur - Foreldresamtalar - Vurdere gruppene og justere etter vennskap og trivsel - Eksperimentere med vatn, forskerfabrikken - Besøke Strandebarm Omsorg, synge og levere kunst som kan hengast opp 	<ul style="list-style-type: none"> - Legge til rette for allsidig leik og fellesskap - Formidle norske folkeeventyr - skape eit variert språkmiljø der barna får oppleve glede ved å bruke språk og kommunisere med andre 	<p>Eventyr</p> <ul style="list-style-type: none"> - Få kjennskap til ulike eventyr ved bruk av konkretar frå Snakkepakken - Leik med eventyr som inspirasjon - Eventyrfest 23. februar – me kler oss ut!
<p>Snakkepakken:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Snøklokka med det kvite hjartet - Dei fargerike fjæra 	<ul style="list-style-type: none"> - Gjere barna kjende med samisk kultur og levesett - Skape ein nysgjerrigheit rundt andre kulturar enn sin eigen 	<p>Det samiske urfolket</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ha temasamlingar om den samiske kulturen - Lavvo i Blåhaugen - Lage samisk mat - Sansesamlingar - Den samiske nasjonaldagen – 6. februar - Det samiske eventyret «Bjørnen som mista halen sin» 


<h2 style="text-align: center;">Mars og april</h2>	Mål: <ul style="list-style-type: none"> - Erfaringar med korleis naturen endrar seg på våren - Få kjennskap til norske påsketradisjonar - Me gjer oss kjend med korleis halde naturen rein 	
Arbeidsmetode	Personalet skal	Tema/Leikemiljø
<ul style="list-style-type: none"> - Foreldremøte - Eksperimentere med ulike frø 	<ul style="list-style-type: none"> - Skapa undring rundt kva som skjer i naturen på våren - Legge til rette for at barna får utforske naturen og utfalde seg i ulendt terreng - Vise borna korleis me tar vare på nærmiljø og natur 	Vår <ul style="list-style-type: none"> - Kva skjer ute i naturen når snøen smeltar? - Leite etter vårteikn og fargar i naturen - Går tur i nærområdet og rydde boss – alltid ta med pose - Spire og gro – me byrjar å så frø til kjøkkenhagen vår
Snakkepakken: <ul style="list-style-type: none"> - Påskehøna som ikkje la egg - Jakten på påskeegget 	<ul style="list-style-type: none"> - Gje barna høve til å bruke ulike teknikkar, materiale, verktøy og teknologi til å uttrykkje seg estetisk 	Påske <ul style="list-style-type: none"> - Samlingar om påske - Fargen gul – Lage påskepynt - Klekke egg i barnehagen

<h2 style="text-align: center;">Mai, juni og juli</h2>	Mål: <ul style="list-style-type: none"> - Få kjennskap til kvifor me feirar 17. mai - Kjenne på fellesskap i gruppa gjennom felles fuglekasseprosjekt - Erfaringar med dyreliv i ulike miljø 	
Arbeidsmetode	Personalet skal	Tema/Leikemiljø
<ul style="list-style-type: none"> - Barnesamtalar - busstur - Vurdere gruppene og justere etter vennskap og trivsel - Besøke Strandebarm Omsorg, synge og levere kunst som kan hengast opp 	<ul style="list-style-type: none"> - gje barna kjennskap til og markere merkedagar, høgtider og tradisjonar 	17. mai <ul style="list-style-type: none"> - Syng songar knytt til nasjonaldagen - Lagar 17. mai- pynt til Strandebarm Omsorg - Øver på å gå i tog saman med heile barnehagen
Snakkepakken: <ul style="list-style-type: none"> - Bukkane Bruse - Då kråka og papegøyen fekk farge 	<ul style="list-style-type: none"> - leggje til rette for mangfaldige naturopplevingar og bruke naturen som arena for lek, undring, utforsking og læring - Skapa undring rundt dyrelivet – kva et dei ulike dyra? Korleis bur dei? 	Fuglar og dyreliv <ul style="list-style-type: none"> - Kva fuglar har kome att etter vinteren? - Me føl med på fuglekassen vår om det flytter inn nokre små venner - Kva dyr finn me i nærmiljøet? - Trygg ferdsel ved vatn - Gardsbesøk



Plan for barn født 2018 /skulekameratane

ÅRSPLAN FOR SKULEKAMERATANE



Utvikling av vennskap og sosialt fellesskap

Samarbeid og omsyn til andre

Utforsking av tall, måling, geometri og statistikk

Bruk av språket til å skape relasjonar, delta i leik og som reiskap til å løyse konflikhtar

	August/ September	Oktober/ November	Desember
Sosial kompetanse	Etablering av uglegruppa og skulekameratar! <ul style="list-style-type: none"> God stemning, struktur/forventning Alle skal kjenna seg trygg og inkludert og ha nokon å leika med. Laga <u>vennereglar!</u> Me har alle noko me øver oss på og noko me er gode på! Sjølvtendemål: Ha orden i eigne ting og rydda det me har leika med (garderobe, hulle, leiker)	Følelsar, venskap og samarbeid <ul style="list-style-type: none"> Korleis vera ein god venn? Bli kjend med eigne og andre sine følelsar. Korleis gjera andre glade? Å gjera gode ting for andre og sei gode ord. SAMARBEID! Sjølvtendemål: Dela med andre og hjelpa dei som treng det. Empati/innleving i korleis andre har det.	Glede og forventning og å vera god mot andre <ul style="list-style-type: none"> Å gleda andre og passa på at alle har det bra. Ha omsorg for andre Å laga noko til andre Sjølvtendemål: Å velja rette klede og kle på seg sjølv. «Kameratsjekk»: Hjelpa kvarandre å hugsa det me skal ha på oss og med oss!
Sjølvsjulering	<ul style="list-style-type: none"> Øva på å ta opp handa når me vil sei noko og lytta når andre snakkar. Venta på tur. Her og no-runde der alle får fortelje. Ulike leikar 	Bordskikk: spørja fint, «takk» og «vær så god». Brannvern: Læra om brannvern og rutinar ved brannalarm. Samarbeid gjennom ulike regelleikar	Stemning og positive opplevingar i lag! <ul style="list-style-type: none"> Øva på å vera venlege og høflege og gjera andre glade Å klara venta og gle seg til noko
Språk	Dialogisk lesing: Bøker om haust, bær, frukt og grønnsaker Bøker om venskap Språkleg medvit: <ul style="list-style-type: none"> Fokus på lytting, stavingar og «min» bokstav. Vær, dag, dato, årstid Regler: «Ein ring av gull» + utvalde haustregler Song: «Velkommen til klubben» + haustsongar	Dialogisk lesing: Bøker om haust, brannvern og vatn Bøker om ulike følelsar Språkleg medvit: <ul style="list-style-type: none"> Fokus på rim, å tøysa og tulla med språket Bli kjend med 110 Regler/songar: Haust, vatn, brannvern + følelsar	Dialogisk lesing: Bøker om advent, juleførebuing og julefeiring Språkleg medvit: <ul style="list-style-type: none"> Dikte og laga julekort Regler: Juleførebuing, feiring og vinter Songar: Høyre på julemusikk og bli kjend med tradisjonelle <u>julesongar</u>
Mate-matikk	Tall og geometri <ul style="list-style-type: none"> Få erfaring med tal og mengde gjennom samarbeid og leik Finna ulike former og mønstre 	Mengde, måling og statistikk <ul style="list-style-type: none"> Telja og finna mengder, kor mange, mest/minst, høgst/lavast, telja, måla og samanlikna. Sortera og kategorisera. 	Vidareføra fokus på tall, mengde, mønstre og symmetri i ulike aktivitetar
Tema og Leikemiljø	Laga temavegg HAUST <ul style="list-style-type: none"> Frukt og grønnsaker, plukka bær, ta opp poteter og laga noko av frukt og grønnsaker. Fuglar, dyr og menneske førebur seg til vinteren 	Laga temavegg BRANNVERN og leikemiljø med brannbil. Dansa og synja med <u>Bjornis</u> Laga temavegg VATN <ul style="list-style-type: none"> Starta utforsking med vatn Tur til <u>Holsete</u> og jaga fisk i bekkane Laga temavegg FØLELSAR m/ulike symbol	Advent/jul: Laga stemning og ro i adventstida Adventssamlingar med lystening Laga julekort og julepynt å gje til andre. Vidareføra tema om følelsar inn i juletema, å gleda andre!
Anna	Trafikksikkerheit: Refleksvest på tur Me ser oss for når me går over/ved vege Turdag og opplevingar utanfor barnehagen onsdag. Gymsal torsdag.,	Samlingar med kulturskulen 6 gongar Haustfest 20.oktober Vasstilvenning i bassenget på skulen 5 onsdagar Turdag/gymsal torsdag Besøk av brannbilen og <u>Bjornis</u> 3.november	Juleverkstad og julekakebaking St. Lucia - me syng for dei på Strandebarmsheimen. Krybbevandring. Nissefest torsdag 21.desember Barnesamtalar i desember

	Januar/Februar	Mars/April	Mai/Juni
Sosial kompetanse	Samarbeid og meistring Eg samarbeider med vennane mine. Me er gode på ulike ting og kan hjelpa kvarandre. Kva øver me oss på no? Sjølvtendemål: Å både vera bevisst eigen styrke og veta kva ein treng øva på	Følelsar og kroppen min Å bestemma over eigen kropp og eigne grenser. Respektera «Stoppssignal» og kunna sei ifrå om kva som er ok og ikkje. Sjølvtendemål: Å klara seg sjølv på toalettet og med påkledning	Fellesskap Me er skulestartarar og eldst i barnehagen! Gode opplevingar i lag siste tida i barnehagen Sjølvtendemål: Me jobbar med individuelle mål. Å ha tru på eiga meistring og at det hjelper å øva!
Sjølvregrulering	Samarbeid om bokprosjekt Å laga bok der alle opplever fellesskap, meistring og å kunna bidra på ulike måtar	Å dela med andre Å vinna, men òg synast det er greitt å tapa Å klara «reparera» og bli venner att	Å klara høyra på felles beskjedar og å venta Overgang barnehage-skule. Tryggje borna på forventningar til besøk på skulen og skulestart Det skal vera kjekt og noko å gle seg til!
Språk	Dialogisk lesing: <ul style="list-style-type: none"> I januar Bokprosjekt Jon Fosse «Uendelig seint» og «Spelejentas» I februar eventyr Språkleg medvit: <ul style="list-style-type: none"> Bli kjend med forfattaren og sjølve dikte og lage tekst/illustrasjon som blir til bok Songar og regler: Vinter og snø	Dialogisk lesing: <ul style="list-style-type: none"> I mars bøker om påske og vår I april bøker om vår og vatn Språkleg medvit: Vitsar og gåter. <ul style="list-style-type: none"> Ord og setningar. Kjennskap til oppbygginga av setningar og å leike med ulik rekkefølge på orda Songar og regler: Vår, påske og sol	Dialogisk lesing: <ul style="list-style-type: none"> «Kvar vår det same» Jon Fosse Bøker om følelsar, skulestart og sommar Språkleg medvit: <ul style="list-style-type: none"> Erfaring med første lyd i eit ord og lytte seg fram til eit ord på ein bestemt lyd Songar og regler: 17. mai, vår og sommar
Matematikk	Statistikk, måling og geometri Få erfaring med ulike plasseringsomgrep og med sortering utifrå likskapar og ulikskapar Eksperiment med vatn, snø og is.	Forts. statistikk, måling og geometri Snøen smeltar. Ulike eksperiment med vatn. Kva skjer med vatnet på kraftstasjonen? Laga eigen kvern kall	Oppsummering av geometri, måling, statistikk og tal. Bruka opplevingar i kvardagen og på turar - ulike typar blomar, insekt, <u>antal</u> , fellestrekk og <u>og</u> kategoriar
Leikemiljø/tema	Fosseprosjekt i januar med fokus på to barnebøker. Temavegg og samarbeid om å laga eiga bok. Besøkja Fossehuset og sjå alle bokene! Eventyr med forteljing og dramatisering i februar.	Påske i mars Vår og vatn i april Kvar kjem drikkevandet vårt ifrå? Korleis kan vatnet laga straum? Besøk til <u>Engjadalsvatnet</u> , <u>Byrkjenesvatnet</u> og kraftstasjonen på Fosse	Fortsatt tema vår, sommar og vatn. Kva skjer med <u>insekt</u> , <u>fuqlar</u> og dyr? Gardsbesøk og turar til fjøra og på sjøen. Vera med og trekkja garn, spennande kva som er i garnet!
Anna	6. februar - Samane sin nasjonaldag 23. februar eventyrfest Turar/gymsal torsdagar Vasstilvering i bassenget på skulen 5 onsdagar Busstilvering med buss til Fossehuset Foreldresamtalar i januar	Barnehagedagen Påske, Kyrkjevandring Turdag onsdag, gymsal torsdag Busstilvering med buss til Tørvikbygd barnehage og til kraftstasjonen på Lillefosse	17. mai med førebuing og feiring Tur til <u>Haukåsfjellet</u> og «Kvar vår det same» (Jon Fosse) Sommarfest 7. juni/avslutningsfest Vårskule



KONTAKTINFORMASJON

Strandebarm barnehage
Tangeråshagen 12
5630 Strandebarm

Styrar – Marit Linga
Tlf: 94178356
E-post styrar: mclin@kvam.commune.no

Grånut: 90518223

Kråkenos: 48251653

Småholmane: 94867141

Klepp: 90563674

